

Døssland, 12.01.2025.

Løesaka.

Viser til møte på Døssland m/ påfølgjande synfaring.

Møtet gjekk fint det!

Tillet meg likevel å koma med fylgjande kommentar/ opplysningar:

Registrerte at varaordføraren deltok under synfaringa, og ikkje under vårt møte med Sweco. Det kan dokumenterast at varaordføraren har nytta eit kvart høve til å få lagt bort saka.

Reknar med at dette er eit valg varaordføraren har gjort sjølv, og vi viser i denne samanheng til vedlagt E – post m/ vedlegg som vi har sendt varaordføraren.

Kommunedirektøren ynskjer ei uavhengig vurdering for å gjenskape tillit, og den utløyande faktor er kritikk frå politisk nivå.

Vi stiller Sweco, som var ansvarleg for gjennomføring av møte/ synfaring, fylgjande spørsmål:

Kvifor var det ikkje ein balansert representasjon frå politisk nivå på møte/ synfaring?

Vi noterar vidare at vår advokat Endre Skogland, i vedlagt notat sendt til Sweco, viste til at det var høve til å innfri vårt krav om å delta under synfaringa. Kravet vårt vart avvist, og grunngjeving for avvisning vil iflg. Swecko bli opplyst i sluttrapport. Dette skaper ikkje tillit.

Det vesentlege for oss er likevel, at prosess og dialog fører fram til ein sluttrapport, der situasjon og alle bygningsmessige tiltak vert avdekkja, og vurdert opp mot søknadsplikt etter Plan – og Bygningslova. Det er dette politikarar, innbyggjarar og er opptekne av.

Vedk. bygg:

Tiltakshavar har gong på gong, både skriftleg og muntleg, hevda at mange av tiltaka som er utført på bygget er omsøkt og gitt løyve til, og ellers som enkelt vedlikehald over tid. Om dette vart hevda under noverande tilsyn og, tillet vi oss å vise til vedlagt uttale der tiltakshavar stadfestar at han skal « berre tette skifertak og skifte kledning».

Vi legg og ved saksutgreiing som viser at sakshandsamar legg tiltakshavar sine opplysningar til grunn for å vurdere tiltaket som enkelt vedlikehald. I påfølgjande saksutgreiingar som Sweco og har fått tilsendt, har sakshandsamar, frå kontorpulten, gjort same vurdering når det gjeld eksisterande bygg.

Det kan dokumenterast gjennom kommunen sitt saksarkiv at det ikkje er blitt gitt løyve til dei bygningsmessige tiltaka som er utført på bygget.

Som tilleggsopplysning til lista vår over bygningsmessige tiltak, tillet oss å nevne at hovuddtilkomst for dyrehald i eksisterande bygg er lagt om, og går no gjennom det nye påbygget, som eksisterande bygg er heilt avhengig av, for å vera godkjent for dyrehald.

Reknar med at Sweco noterte seg dette under tilsynet, og at det vert vurdert i samband med søknadsplikt.

Grenser/ vegsituasjon:

Det vart i samband med møtet påvist at grensemerke er borte. Manglande grensemerke må på plass, for å få vurdert tilkomstsituasjon til nytt lager.

Ber Sweco melde attende om behov, og korleis dette skal løysast.

Ettertanke:

Hadde tiltakshavar møtt opp på byggesakskontoret før ombygginga av den gamle løa starta, og vist til at den skulle byggjast om slik den framstår i dag m/ påbygg, ville svaret blitt at tiltaket måtte omsøkjast som nybygg. Resultat av politisk handsaming basert på kommunen sin, den gong, ferske uttale om praktisk og miljømessig uheldig plassering ville blitt: ein måtte byggje nytt ein annan eigna stad på eigedommen.

Hadde tiltakshavar møtt opp på byggesakskontoret og vist til at den gamle løa skulle byggjast om slik den framstår i dag, ville ein truleg fått beskjed om å byggje ein annan eigna stad, eller tiltaket hadde blitt vurdert som hovudombygging.

Praksis er:

Ved vurdering av eit ulovleg bygg opp mot søknadsplikt, skal ein vurdere dei faktiske tilhøva ein registrerar på byggeplassen vedk. bygg og situasjon, på lik linje med eit tilsvarande ubygd tiltak som skal byggjemeldast.

Med venleg helsing!

Ståle Døssland Richardsen, Ivar Kåre Døssland